



# AURLAND KOMMUNE

## Fondstyret for konsesjonsavgiftsfondet

### INNKALLING

**Møtedato:** 23.04.2020  
**Møtestad:** Fjernmøte  
**Møtetid:** Kl. 10.30

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melda frå så snart råd er til Kristian Stråmyr, tlf. 959 84 647 eller til epostadr. [kristian.stramyr@aurland.kommune.no](mailto:kristian.stramyr@aurland.kommune.no) slik at varamedlem kan bli kalla inn.

Varamedlem møter etter nærmare innkalling.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på rådhuset.

Møtet vert gjennomført som fjernmøte i medhald av mellombels forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommunar og fylkeskommunar for å avgrense spreing av Covid-19.

Aurland, 17.04.2020

Trygve Skjerdal  
Ordførar

# Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Gradering</b>
001/20	Godkjenning av møteprotokoll	
002/20	Referatsaker	
003/20	Delegasjonssaker	
004/20	Karbon på rett veg - samarbeidsprosjekt for klimatilak i jordbruket	
005/20	Konsesjonsavgiftsfondet - søknader om tilskot og tildelingar april 2020	



# AURLAND KOMMUNE

## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
001/20	Fondstyret for konsesjonsavgiftsfondet	23.04.2020

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
20/366 - 20/2862		Kristian Stråmyr 95984647	17.04.2020

### Godkjenning av møteprotokoll

Ingen merknader til møteprotokoll

### Vedlegg:

Protokoll - Fondstyret for konsesjonsavgiftsfondet - 21.11.2019



# AURLAND KOMMUNE

## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/20	Fondstyret for konsesjonsavgiftsfondet	23.04.2020

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
20/366 - 20/2863		Kristian Stråmyr 95984647	17.04.2020

### Referatsaker

Ingen merknader til referatsaker



# AURLAND KOMMUNE

## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/20	Fondstyret for konsesjonsavgiftsfondet	23.04.2020

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
20/366 - 20/2864		Kristian Stråmyr 95984647	17.04.2020

### Delegasjonssaker

#### Oversikt:

001/20, UNESCO Verdsarvsenter Nærøyfjorden - søknad om tilskot frå konsesjonsavgiftsfondet til forprosjekt

002/20, Soltun sau og hest - tilskot frå konsesjonsavgiftsfondet til etablering av tilleggsnæring

003/20, Norsk kurs B1 for framandspråklege utan rettar i Flåm 2020 - søknad om tilskot



# AURLAND KOMMUNE

## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/20	Fondstyret for konsesjonsavgiftsfondet	23.04.2020

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
20/355 - 20/2794	K1-223 - REFUSJON, TILSKUDD - UT	Gudny Øyre Flatabø 99442089	16.04.2020

### Karbon på rett veg - samarbeidsprosjekt for klimatiltak i jordbruket

#### Saka gjeld:

Støtte til pågåande prosjekt om klimatiltak i jordbruket.

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Aurland kommune gjev tilslutning til prosjektet «Karbon på rett veg»
2. Aurland kommune støttar Klimasats-prosjektet «Bruk og produksjon av biokol på gardsskala», og gjer i medhald av § 4.9 i reglar for bruk av konsesjonsavgiftsfondet tilskot til gjennomføring av prosjektet med inntil kr 154 000,- til Sogn jord- og hagebruksskule
3. Midlane blir dekkja av konsesjonsavgiftsfondet frå funksjon 32510, ansvar 110 og konto 14700. Det er eit krav at midlane kjem innanfor totalbudsjettet for bruk av konsesjonsavgiftsfondet.

#### Saksframlegg

I møte i Fondstyret for konsesjonsavgiftsfondet 24.10.2018 vart det gjort fylgjande vedtak FSKF-012/18 Vedtak:

[..]

2. Aurland kommune startar Prosjekt Energi- og Miljøsats Aurland fase 2 som omtalt i saksutgreiinga, og gjer i medhald av § 2.3 i reglar for bruk av konsesjonsavgiftsfondet tilskot til gjennomføring av prosjektet med inntil kr 250 000,-.

[..]

I saksutgreiinga for vedtaket var fylgjande omtale av «Delprosjekt Jordgull»:

## «Delprosjekt Jordgull»

*Saman med SIMAS, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane og Aurland kommune har Sogn jord- og hagebruksskule i prosjektperioden utvikla eit forprosjekt til Sogn og Fjordane fylkeskommune si tilskotsordning til klima- og miljøtiltak. Dette er knytt til produksjon og nyttiggjering av biokol i kompost. Biokol i kompost kan bidra til reduksjonar av klimagassutslepp og kan bidra til betra jordfruktbarheit, derav arbeidsnamnet «Jordgull».*

*Biokolproduksjon har energi som «biprodukt» og ei mogleg samankopling mellom oppvarming av kommunale bygg og biokolproduksjon vil vurderast i forprosjektet. Ved tilslag vil forprosjektet føre til 76 500 kr til Aurland kommune sitt arbeid med delprosjektet, med ein eigeninnsats frå kommunen på kr 75 000.*

I 2018 vart det ikkje tilslag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune si tilskotsordning til klima- og miljøtiltak for dette delprosjektet, og dei avsette midlane frå Aurland kommune vart ikkje nytta. I 2019 vart det sendt inn ny søknad, med namnet «Karbon på rett veg», saman med to nye partnarar, Njøs næringsutvikling og Vik kommune, med sistnemnde som prosjekteigar. Denne søknaden fekk delvis tilslag, og dei avsette 75 000 kr vert brukt som eigeninnsats i dette forprosjektet.

Tilslaget frå fylkeskommunen fører til rundt 30 000 kr til Aurland kommune sitt arbeid, i tillegg til eigeninnsatsen. Tilslaget er vedlagt saka («Tilskotsbrev til Karbon på rett veg frå Sogn og Fjordane fylkeskommune 2019»).

Forprosjektet delfinansiert av fylkeskommunen er under ferdigstilling, og rapport vil bli tilgjengeleg innan slutten av april. Det vart holdt eit orienteringsmøte om prosjektet på Sogn jord- og hagebruksskule (SJH) den 5. mars 2020.

Aurland kommune sin inngang til prosjektet er som vertskommune for SJH og gjennom bruken av kompostplassen der SJH tar imot hageavfall på vegne av heile kommunen. Produksjon av biokol, som nemnt over, kan hjelpe til å redusere volumet av hageavfall, noko som kan auke kapasitet på kompostplassen, føre til meir bruk av lokale ressursar og mindre transport av dette til SIMAS. Gjennom forprosjektet har Sogn jord- og hagebruksskule kome fram til at det er formålstenleg å starte uttesting av produksjon med ein enkel metode allereie denne sesongen.

For å kome i gang med slik produksjon, vart det sendt ein søknad om tilskot frå «Klimasats»-ordninga (søknad vedlagt), med namnet «Bruk og produksjon av biokol på gardsskala». Denne søknaden vart sendt gjennom Aurland kommune på vegne

av SJH.

### **Vurdering**

I «Landbruksplan ÅLA 2018-2021» (ÅLA = Årdal, Lærdal, Aurland) er det sett som overordna mål at «Det grønne skiftet skal prega utviklinga av landbruksnæringa». I samfunnsdelen til kommuneplanen er det vedteke at kommunen skal arbeide for å vere eit berekraftig samfunn med omsyn til biologisk, økonomisk, sosial og kulturell berekraft. I kommunedelplanen for næring er berekraft nemnd som fokusområde og i kommunedelplan for klima og energi vil Aurland kommune arbeide for ein reduksjon av utslepp som er skadelege for klima eller lokalmiljø.

SJH sin eigar er Vestland fylkeskommune, men sidan prosjektet er eit lokalt klimatiltak og i første omgang kjem innbyggjarane lokalt til gode, er det føreslått å bidra med eigeninnsats frå Aurland kommune.

Prosjektet knytt til enkel produksjon av biokol på kompostplassen til SJH er budsjettert til kr 384 000, og finansieringsplanen legg opp til ein eigeninnsats frå Aurland kommune på kr 154 000.

I følge § 4.9 i reglar for bruk av konsesjonsavgiftsfondet er det høve til å nytte fondsmidlar til samarbeidsprosjekt som dette.

I budsjettet for konsesjonsavgiftsfondet er det lagt opp til totalt 1,7 MNOK til tilskotsordninga for næring. Grunna den spesielle situasjonen med koronavirus er det i handsaminga i kommunestyret lagt opp til ei omdisponering av halvparten av tilskotsordninga. Det er likevel romslege rammer i totalbudsjettet for konsesjonsavgiftsfondet for postar som ofte ikkje blir nytta fullt ut, til dømes konsulenttenester og førstelineteneste, og det kan difor vere rom for å støtte prosjektet innanfor totalbudsjettet til konsesjonsavgiftsfondet.

### **Uprenta vedlegg til saka:**

#### **Vedlegg:**

Kopi av levert søknad - Klimasats 2020 - Bruk og produksjon av biokol på gardsskala - Sogn jord- og hagebruksskule  
Tilskotsbrev til Karbon på rett veg frå Sogn og Fjordane fylkeskommune 2019







# AURLAND KOMMUNE

## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/20	Fondstyret for konsesjonsavgiftsfondet	23.04.2020

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
20/354 - 20/2793	K1-223 - REFUSJON, TILSKUDD - UT	Gudny Øyre Flatabø 99442089	15.04.2020

### Konsesjonsavgiftsfondet - søknader om tilskot og tildelingar april 2020

#### Saka gjeld:

Handsaming av søknader om støtte frå Aurland kommune sitt konsesjonsavgiftsfond.

#### Tilråding frå rådmannen:

I medhald av reglar for bruk av konsesjonsavgiftsfondet i Aurland kommune, vert det løyvd tilskot til fylgjande søkjarar med denne fordelinga:

#### Næringssaker:

1. Turlid transportservice AS – etablering av verksemd kr. 255 000,-
2. Steinbergdalshytta Solveig Kvakestad – oppstartsfase, rehabilitering av bygg kr.136 000,-
3. Lødne Gard, utviklingsprosjekt – kjølelager og produksjonslokale kr. 250 000,-

#### Landbrukssaker:

1. Nils Hylland – kjøp av kumjølkkvote kr. 81 649,-
2. Liv-Karin og Olav Stalheim – kjøp av geitemjølkkvote kr. 200 000,-
3. Maria Baudonnel Underdal – eigedomsoverdraging kr. 50 000,-

Midlane blir dekkja av konsesjonsavgiftsfondet funksjon 32510, ansvar 110.

Rådmannen får fullmakt til å setja vilkår for kvar enkelt søknad.

Grunngeving for tilrådinga er i vedlagt dokument «Næringstilskot og landbrukstilskot konsesjonsavgiftsfond Aurland april 2020».

#### Saksframlegg

Det ligg føre 11 søknadar om støtte frå Aurland kommune sitt konsesjonsavgiftsfond.

Samla søknadssum er kr. 2 557 649,-

Alle søknader vert handsama etter reglar for bruk av konsesjonsavgiftsfondet godkjend i kommunestyret 01.11.2018.

I pkt. 1.1 fjerde ledd i reglar for bruk av konsesjonsavgiftsfondet står følgande; «Søknadane vert handsama to gonger i året innanfor budsjetttramma. Søknadsfristane er 1. april og 1. oktober.» For å kunne halde budsjetttramma, få oversikt og ein heilskap i bruk av fondsmidlane i 2020, har rådmannen valt å handsame alle føreliggande søknadar som er innkomne i ei sak.

Søknadane frå dei einskilde er å finne i uprenta vedlegg.

### Vurdering

Alle søknadane er vurderte etter gjeldande reglar for bruk av konsesjonsavgiftsfondet godkjend i Aurland kommunestyre 01.11.2018. Midlar til disposisjon er òg avgjerande for tildeling av støtte.

Konsesjonsavgiftsfondet budsjett 2020:

-Tilskot landbruk	kr. 400 000
-Tilskot næring	kr. 1 700 000

Av desse kr 1 700 000 til næring vart det i same budsjettpost lagt inn årleg tilskot til Økoringen vest, årleg tilskot til Stiftelsen Rallarmusèet på Finse og tenesteavtale Nærbutikken Undredal, på totalt kr 72 000,-.

Midlar til utdeling er difor  $kr\ 1\ 700\ 000 - kr\ 72\ 000 = \underline{kr\ 1\ 628\ 000}$  totalt i 2020. Utdelinga vert delt på to omgangar, med kr 814 000,- tilgjengeleg for kvar utdeling.

Det er i 2020 fram til 15. april gitt administrativt tilskot til:

Soltun sau og hest – etablering av tilleggsnæring	kr. 50 000
---	------------

Aurland kjøle- og fruktlager – forprosjekt verdsarvsenter	kr. 50 000
---	------------

Folkeuniversitetet og INKON – norskopplæring	kr. 72 176
--	------------

Sum	<u>kr. 172 176</u>
-----	--------------------

Med dette vil det vera kr. 814 000 – kr. 172 176 = kr 641 824 til disposisjon i denne utdelingsrunden.

Det er kome inn 11 søknader innan fristen 1. april. Alle søknader har hatt god kvalitet og ingen har blitt avviste denne runden.

Det er ikkje handsama nokon søknader administrativt frå landbruk innan 15. april i 2020. Til disposisjon for denne søknadsomgangen for landbruk blir det då kr. 400 000.

Rådmannen tilrår ikkje å dele opp midlane til landbruk i to søknadsomgangar, sidan det kan føre til at gode tiltak som kunne ha blitt støtta ikkje får støtte grunna låg ramme, medan det i neste søknadsrunde ikkje kjem like gode tiltak.

For vurdering av søknadane, sjå vedlegg. I vurdering av søknadane med tilrådd tilskot til den einskilde søkjar er fordelinga slik:

Til næring sum kr. 641 000  
Til landbruk sum kr. 331 649  
Sum næring og landbruk kr. 982 649

Etter denne tildelinga vil følgjande stå att av budsjetterte midlar i 2020:

Næring: kr. 1 628 000 – kr. 172 176 – kr. 641 000 = kr. 814 824,-  
Landbruk: kr. 400 000 – kr 331 649 = kr. 68 351,-

#### Spesielt om tilskot til næring:

Tilskot blir prioriterte i samsvar med til ei kvar tid gjeldande handlingsprogram i Strategisk Næringsplan. Ingen har krav på tilskot frå fondet. Alle prosjekt/tiltak vert vurderte i forhold til betydning, lønsemd og konkurransesituasjonen i kommunen. Alle søknader vil bli vurdert med omsyn til tiltaket sitt potensiale etter følgjande kriterium:

- Sysselsetjingseffekt og sysselsettingsmoglegheiter for kvinner og ungdom
- Økonomien i prosjektet
- Samarbeidspotensialet (etablerte og andre potensielle samarbeidsløysingar)
- Innovasjons- /nyskappingsgraden
- Omdømebygging
- Miljø og folkehelse

Grunna avgrensa rammer vert innkomne søknader òg prioriterte opp mot kvarandre. Søknadane i denne omgangen hadde alle god kvalitet, og det var fleire gode prosjekt som ikkje fekk støtte. Generelt vart to prosjekt som tydeleg bidreg til sysselsetting òg aukar mangfaldet i næringa prioriterte i tilrådinga, i tillegg til noko støtte til ei reiselivsverksemd som òg skapar verdiar gjennom rehabilitering av bygningsmasse i kommunen.

Eit prosjekt knytt til nyetablering i reiselivet, eit forprosjekt og eit regionalt samarbeidsprosjekt vart ikkje tilrådd prioritert denne runden.

### Spesielt om tilskot til landbruket:

Det har vore vanleg praksis å søkja om støtte til nydyrking etter at tiltaket er gjennomført. Grunn for dette er at aktuelt areal då er godkjent og oppmålt. Midlane vert heller ikkje ståande ubrukt i påvente av ferdigstilling og godkjenning av omsøkt areal.

Overordna mål for Landbruksplan ÅLA 2018-2021 er:

- Ta vare på jordressursane (jord og areal)
- Auka lønsemda og verdiskaping innan landbruket i kommunane
- Oppretthalda talet på produsentar
- Det grønne skiftet skal prega utviklinga av landbruksnæringa

Alle søknadane til landbruk får tilrådd støtte, med unntak av eit prosjekt om utplanting av epletre, som har fått støtte frå Innovasjon Norge.

### **Uprenta vedlegg til saka:**

Saksnummer:

- 20/182 Turlid Transportservice AS - tilskot frå konsesjonsavgiftsfondet
- 20/317 Steinbergdalshytta AS - tilskot frå konsesjonsavgiftsfondet 2020
- 20/141 Lødn Gard - tilskot frå konsesjonsavgiftsfondet 2020
- 20/343 Laila AS - tilskot frå konsesjonsavgiftsfondet april 2020
- 20/344 Sognefjord Bike and Hike - tilskot frå konsesjonsavgiftsfondet april 2020
- 20/318 Aurland kjøle og fruktlager AS - tilskot frå konsesjonsavgiftsfondet 2020
- 20/138 Forberg Magne - tilskot frå Innovasjon Norge

### **Vedlegg:**

Næringstilskot og landbrukstilskot konsesjonsavgiftsfond Aurland april 2020